

## **REGLEMENT FOR BREMANGER ELDRERÅD**

### **1. Formål**

Eldrerådet er eit partipolitisk uavhengig rådgjevande organ for Bremanger kommune. Eldrerådet skal fremje eldre sine synspunkt overfor politikarane og administrasjonen og arbeide for at Bremanger kommune skal vere ein god kommune for eldre, jfr. «Kommunelova og Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom».

### **2. Val og samansetjing**

Eldrerådet er oppretta med heimel i kommunelova § 5 – 12.

- a. Eldrerådet skal ha 5 medlemmar med personlege varamedlemmar. Medlemmane vert valde av kommunestyret for fire år. Eitt av medlemmane bør sitje i kommunestyret. Kommunestyret kan endre talet på medlemmar i rådet.
- b. Organisasjonar som representerer eldre, har rett til å kome med framlegg om medlemmar i rådet.
- c. Fleirtalet av rådsmedlemmane skal ha fylt 60 år på valtidspunktet. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent.
- d. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar.
- e. Kommunestyret kan opprette eige budsjett for rådet.

### **3. Ansvar og gjeremål**

- a. Rådet skal ha førelagt alle saker som er viktige for eldre/eldre sine levekår.
- b. Rådet skal orienterast tidleg om aktuelle saker og kome tidleg inn i aktuelle planprosessar, slik at rådet har høve til å kome med innspel. Rådet har rett til dokumentinsnyn.
- c. Rådet kan sjølv ta opp saker som det meiner er viktige for eldre. Rådet kan be administrasjonen om ei orientering for å få opplyst saker betre før rådet eventuelt lagar sin uttale i sakene.
- d. Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar. Saker som kan vere av prinsipiell karakter, kan likevel verte fremja på generelt grunnlag.
- e. Rådet uttaler seg om saker før dei vert handsama i formannskap/kommunestyre.
- f. Uttaler frå rådet skal følgje saksdokumenta til saka vert avgjort.
- g. Leiaren eller nestleiaren har møte- og talerett i folkevalde organ, når dette vert avtalt på førehand.
- h. Eldrerådet er eit folkevald organ med dei same rettigheter og pliktar som andre folkevalde organ.
- i. Medlemmane har plikt til å delta på møta i rådet, og eventuelt forfall må meldast i god tid, vere grunngjeve og gyldig.
- j. Eldrerådet kan ikkje påleggje administrasjonen særskilde utgreiingsoppgåver.
- k. Avgjerdar vert gjort med simpelt fleirtal. Ved røystelikskap er leiraen si røyst avgjerande.
- l. Eldrerådet er vedtaksføre når minst 3 av medlemmane deltek.
- m. Årsmelding skal utarbeidast og leggjast fram for kommunestyret.

### **4. Sekretariat**

- a. Kommunen skal syte for høveleg sekretariat for rådet. Rådmannen avgjer kven i administrasjonen som skal ivareta denne funksjonen.
- b. Sekretariatet skal halde eldrerådet informert om saker som er av interesse

- for rådet.
- c. Sekretariatet skal leggje til rette for opplæring av rådet sine medlemmar og varamedlemmar.
  - d. Sekretariatet skal koordinere og leggje til rette for rådet sine møte. Sekretæren og leiaren samarbeider mellom anna til vanleg om:
    - Fastsettjing av møtetidspunkt
    - Innkalling og førebuing til møta.
    - Utarbeide møtebok/protokoll/årsplan/følgje opp saker
    - Utarbeide årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.

## **5. Sakshandsaming og møte**

- Reglement for sakshandsaming i politiske organ gjeld for eldrerådet i Bremanger.

## **6. Godtgjersle**

- Reglement for godtgjersle for folkevalde i Bremanger gjeld for medlemmene i eldrerådet.